

Vigsling av biskop

1. Vgslingsgudstenesta følger ordninga Høgmesse med dei tillegg og endringar som går fram av ordninga nedanfor.
2. Når det er ringt det saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen kan det ringjast med alle klokkene eller det kan kimast.
3. Prestane ber alba med raud stola. Biskopane ber korkåpe.

B = Den tenestgjerande biskopen

Bibeloversettelsen som er brukt i dette dokumentet er fra Bibel 2024.

1 | Inngang

Preludium

Biskopen som skal vigslast, tek plass i koret på den eine sida, dei som hjelper til, og prestar elles på den andre sida.

Den tenestgjerande biskopen går til altaret.

Inngangssalme

Inngangsord

ANTEN A

B vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER B

B vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

2 | Syndsvedkjenning

B | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Den tenestgjerande biskopen kneler, vend mot altaret.

A | Heilage Gud, himmelske Far.

Sjå i nåde til meg, syndige menneske,
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar
og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.
For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg.
Tilgjev meg alle mine synder,
og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

3 | Bønerop

Den tenestgjerande biskopen står, vend mot altaret.

Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna oss.
Krisite eleison, Herre Krist, miskunna oss.
Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna oss.

4 | Lovsong

Leddets Lovsong vert helst sunge i fullstendig form.

B eller F | Ære vere Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.

F | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmechtige Fader.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

F | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

F | For einast du er heilag, einast du er Herren, einast du er Den høgste, Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

5 | Kollektbøn

Etter dagen i kyrkjeåret

6 | Salme

7 | Framstilling

Leiaren eller nestleiaren i bispedørnerådet (ein lek person), ved lese-pulten

Guds ord påminner oss om at vi skal skjøna på dei som ar- beider mellom oss, dei som er våre forstandarar i Herren. Vi skal be for dei og setja dei overlag høgt på grunn av den gjerninga dei har.

Ein ny tilsynsmann i kyrkja vert framstilt for oss i dag. **(Narnnet vert nemnt)** er kalla til biskop i **(tenestestaden vert nemnt)** bispedøme. Han skal i dag vigslast til itenesta. Lat oss ta imot han i kjærleik og bera han fram for Gud i bønene våre.

Lat oss be.

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kaUa apostlane og grunnla di kyrkje på jorda. Vi bed deg at du vil velsigna den nye biskopen vår ved din Ande, som gjev kraft, kjærleik og vis- dom. Hjelp oss alle å tena deg med nådegåvene og evnene våre, så vi saman kan byggja kyrkje[yden vår på den eine sanne grunnvollen, Jesus Kristus, vår Herre. Amen.

Den som har stått for framstillinga, går til plassen sin.

8 | Skriftlesing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tilsynstenesta.

Tekstane nedanfor vert lesne frå lesepulten av dei som hjelper til. Etter kvar av dei fire lesingane syng ein frå «Kom, Ande med di skaparmakt» (NoS 209).

Kyrkjelyden sit medan det vert lese.

Fyrste lesinga

Det står skrive hjå evangelisten Matteus i 28. kapitlet:

Jesus steig fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

**A | Kom, Ande med di skaparmakt,
og reis det synd har øydelagt,
og fred og fryd i nåde giv
kvart hjarta du har vakt til liv!**

**Kom du, den sanne trøystarmann,
du gåve frå Guds eiga hand,
du livsens brunn og kjærleiks vell,
du salve mild og himmeleid!**

NOS 109,1-2

Andre lesinga

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 15. kapitlet:

Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som de òg tok imot, som de òg står støe i. Ved det blir de frelste, så sant de held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte at de kom til trua. For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke,

at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt,
at han vart gravlagd,
at han vart reist opp tredje dagen, som skriftene har sagt,
og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.

Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn. Sidan synte han seg for Jakob, så for alle apostlane. Og aller sist synte han seg òg for meg, eg som berre er eit ufullbore foster. For eg er den minste av apostlane; eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfølgd Guds kyrkje. Men av Guds nåde er eg det eg er, og hans nåde mot meg har ikkje vore bortkasta. For eg har arbeidd meir enn dei alle, det vil seia, ikkje eg, men Guds nåde

som er med meg. Anten det no er eg eller dei andre – dette forkynner vi, og dette har de teke imot i tru. **1. KOR 15,1-11**

**A | Du sjufelt rike gåver ber,
du krafta av Guds høgre er
og tyder grant hans lovnadsord
på modersmålet rundt om jord!**

**Kveik ljuset ditt i vår forstand
og i vårt hjarta kjærleiks brann,
til vanmakt vår og vesaldom
med heilag hjartestyrking kom!**

NOS 209, 3-4

Tredje lesinga

Det står skrive i Paulus' brev til Titus i det 1. kapitlet

Ein tilsynsmann er Guds hushaldar, og det må ikkje vera noko å seia på han. Han må ikkje vera eigenrådig, bråsinnt, drikkfeldig eller hardhendt og ikkje ute etter skammeleg vinning. 8 Men han skal vera gjestfri og ha kjærleik til det gode, vera forstandig og rettferdig, ha ærefrykt for Gud og ha herredøme over seg sjølv. 9 Han må halda seg til det truverdige ordet i samsvar med læra, så han er skikka til både å rettleia etter den sunne læra og å visa at dei som talar imot, tek feil. **TIT 1,7-9**

**A | Vår sjelefiend frå oss driv,
og lys din fred om alt vårt liv,
og ver vår førar og vår vakt
i all vår strid mot mørkheims makt!**

**Lys opp for oss, så klårt vi må
Gud Fader og Guds Son få sjå,
og deg som frå dei bae er,
i hjartans tru få evig kjær!**

NOS 209, 5-6

Fjerde lesinga

Det står skrive i Peters fyrste brev i det 5. kapitlet:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1. PET 5,1-4**

**A | Ver lova, Gud, vår Fader god,
Guds Son som opp frå døde stod,**

**og Trøystaren, Guds Ande blid,
høglova ver til evig tid!**

Nos 209, 7

9 | Vigslingstale

Den tenestgjerande biskopen held ein kort tale over ein høveleg tekst.

10 | Formaning og lovnad

Etter talen går biskopen som skal vigslast, fram til altarringen.

B | Du har høyrte Guds ord om tilsynstenesta, kva ho krev og kva ho gjev, og kor viktig ho er for Guds kyrkje på jorda. Når Herren framlei tiltrur deg tenesta med Ord og sakrament, og no set deg til tenesta som biskop, krev han av deg at du skal vera visleg og vaken i ditt kall.

*Ordet «framleis» fell bort når den som skal vigslast, ikkje har vore prest før.

- Du skal retta kyrkjelyden brødet, som er Ordet frå Herren, og gje vel akt på deg sjølv og heile den hjord som er tiltrudd deg.
- Du skal ta vare på den apostoliske læra etter vedkjenninga i vår kyrkje, og rettleia og oppmuntra tenarane hans"i kyrkjelydane.
- Duskalutføra tenesta di med truskap, ogsaman med medtenarane dine leggja vinn på å fremja og verna einskapen i Guds kyrkje, til pris og ære for hans heilage namn.

(Namnet vert nemnt), lovar du for Guds åsyn at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde Gud sjølv vil gje deg?

Biskopen | Ja.

B | Så gjev meg handa på det.

Biskopen stadfester lovnaden med handslag.

11 | Handspålegging og bøn

B | Med handspålegging og bøn vil vi overgje deg til Gud, og be om at han ved sin Ande må helga deg og rusta deg til tenesta.

Biskopen kneler.

Den tenestgjerande biskopen og dei som hjelper til, legg handa på hovudet til biskopen.

B | Allmechtige Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, sjå i nåde til denne tenaren din, og signe *han* til gjerninga *han* går til. Gjev *han* din Heilage Ande, så *han* utfører tenesta såleis at di kyrkje vert oppbygd og namnet ditt vert æra. Styrk *han* til å halda fast ved

ditt ord og forkynna Jesu Kristi evangelium rett. Gje *han* at *han* i tale ogferd får vera eit føredøme for dei som trur på deg.

Fyll *han* med vaksam kjærleik, så *han* med truskap fører tilsyn med kyrkjelydane og dei som gjer teneste der. Hjelp *han* til å gå fram med klokskap når *han* gjev trøyst og råd, når *han* lærer, tilskundar og talar til rette, så det heilage evangeliet må haldast klårt og reint hjå oss og einskapen i di kyrkje verta fremja mellom oss, ved Son din Jesus Kristus, vår Herre.

Biskopen og dei som hjelper til | Amen.

B | Så gjer eg kunnig at du er rett kalla biskop i vår kyrkje, med det mynde og ansvar som høyrer ditt heilage kall til, etter Guds ord og dei ordningane vår kyrkje har.

Den tenestgjerande biskopen legg bispekrossen kring halsen på den nye biskopen.

Den tenestgjerande biskopen og dei som hjelper til, går til plassane sine.

Den nye biskopen går til altaret.

12 | **Truvedkjenning**

Den nye biskopen vend mot kyrkjelyden | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Deretter saman med kyrkjelyden, vend mot altaret

A | Vi trur på ein Gud, den allmektige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på ein Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, ljøs av ljøs, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den Heilage Ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og for opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom for å døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den Heilage Ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane. Vi trur på ei heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest ein dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen.

DEN NIKENSKE TRUVEDKJENNINGA

Kyrkjelyden set seg

13 | **Salme før preika**

Kort bønesalme

14 | **Preike**

Den nye biskopen preikar over teksten for dagen.

Deretter held gudstenesta fram som vanleg høgmesse.